

Ved nullpunktet

prosatekstar

Rønnaug Kleiva:
FANGETENESTE
Samlaget

▼ Utfordrande bok frå ein av dei mest inciterande stilistane i moderne nynorsk litteratur

«Det er ved nullpunktet. Det snør lett, mest som om det ikkje skulle snø. Det er vanskeleg å seie om det er snø nok til å bli lig-gande.» Sitatet er frå ein av prosatekstane («Ei kvinne besøker ein mann oppunder jul») i Rønnaug Kleivas nye bok.

Over heile boka ligg det ei hinne av kulde, snøbi-leta er mange, og ein er ofte i nærlei-ken av eit null-punkt. Utan å dra parallellen for langt, svarar den meteorologiske situasjonen i stor grad til dei mentale og mellom-menneskele-ge tilhøva som blir skildra. Dei vippar i eit grense-land mel-lom energi som vil fram og ei hard, frosen overflate som stengjer og ikkje sjeldan mot avstumpa eller ampu-tert sjele- og kjærleiksliv. Ein tekst – kvifor ikkje kal-la dei noveller? – har over-skrifta «Ei kvinne og ein mann i eit grenseområde», og der manifesterer det urovekkjande seg i «ein mann i uniform og med skytevåpen i beltet». Sol-daten er der berre, lest ikkje sjå dei, seier ingen ting. «– Det er ingen ting å bry seg med, sier mannen, –

det er alltid slik i nærlei-ken av grensene.»

Upersonleg

Personane i denne novella «er ikkje unge og ikkje gamle», noko som ytterle-gare understrekar det utrygge – og også det upersonlege – som går att i boka: «Det er ikkje varmt og ikkje kaldt», heiter det ein annan stad, og i «Ei kvinne og ein mann drikk vin i eit badekar etter ei gravferd» er mannen skild-ra slik: «Kroppen hans er middels høg. Han er ikkje slank og ikkje feit, men ut-an synlege musklar.»

I tillegg vert avpersonal-iseringa tydeleggjort

ved at person-ane sjeldan har namn.

Ein stad er dei ber-re «tre jen-ter som går i fjellet», ein annan stad les vi om «barnet» som sidan vert kal-la «det». «Ho er usynleg, ho treng ikkje vere der,» konstaterer ei av dei mange jentene i boka.

Som i novella frå grenseområdet, er det gjennomgåande få som bryr seg om kvarandre i boka. Det puerile sjelslivet som vert skildra i dei fyr-ste novellene om born, er ikkje berre fasthalde, det er også avstumpa i dei vaksenskiltringane som fylgjer. Kleivas persongal-leri gjev ikkje store voner om humanitet og empati, mennesket er både eit gjennomført einsamt og egoistisk vesen i desse

tekstane, ute av stand til å kommunisera på anna enn overflateplanet, og ute av stand til både elske og med-liding:

«Ho tenkjer på kva ho skal gjere utover dagen, ho tenkjer utan pasjon. Ho tenkjer ikkje at det er un-derleg at ho tenkjer utan pasjon» («Ei kvinne steller i huset og passsar på unga-ne sine før ho drep seg»). Forteljeteknikken er ofte ein tilnærma skulestil som t.d. «alle er samde om at det er fint i fjellet, og at tu-ren har vore flott», andre stader nyttar ho ein fortel-jemåte som minner om scenetilvisingar eller film-opptak som er med på å understreka det uperson-lege i dei menneskelege re-lasjonane.

Rønnaug Kleiva har tid-legare vist seg både som ein framifrå skildrar av kåt sensualitet og ein eks-tremt kresen stilist på grensa til det minimalist-iske uttrykket. I novella «Korte scener for jente og mann» smelter ho saman dette til ein tett tekst fylt av søt saft både i plumme og kropp hos personar som er berre «jenta» og «mannen». Avslutningane løyser Kleiva ofte ved ei nedtoning mot det eks-tremt triuelle, ofte med stumfilmaktige biletinnslag, i denne novella slik: «Jenta tørkar dogga av spegelen med eit handkle. Ho smiler svakt og byrjar kle på seg.»

Sex og død

Sex og død er tema som går att i boka: Sex avklipt frå kjærleik eller anna engasjement i parringspart-naren, og døden avklipt frå «pasjonar». Det siste



Inciterande stilist. Rønnaug Kleiva

vert karikert i fleire tekst-ar. I «Ein mann som er in-vitert i bryllaup, kjem til farens dødsleie» er kjens-lene så avstumpa at novel-la bikkar over i overdriv-ingar. «Gladmelding om at bordet er dekt», seier mo-ra medan faren ligg i eta-sjen over og døyr. Den iron-iske overdrivinga pregar òg «Tre kvinner klatrar i fjellet og planlegg talar»: Det er noko sketsj-aktig over utleveringa av dei vel-lykka karrièrekvinnene, men novella dett ned i den journalistiske ikkje heilt vellykka petit når dei etter at den eine har falle utor fjellsida «diskuterer fallet og kva årsakene til det kunne vere. Dei tykkjer det er svært leitt og gir ut-trykk for det før dei sov-nar». Fliken av det truver-dige vert forlaten her.

Det er mykje avstengt, nedfrose og avstumpa drifts- og sjelsliv i denne boka der mennesket er eit einsamt fysisk-mekanisk vesen. Men – og det er ein nøkkel til ein annan lese-måte – prosatekstane/no-vellene er ramma inn av eit dikt (prenta både som innleiing av avslutning) der det heiter at «Også kveldar om hausten kan vere milde», ho skildrar mannen som byd kvinna kastanjer, «(. . .) hausta i rett tid, steikt ved rett var-me», dette er «ein kveld før det blir vinter/ og mellom husa finst pust».

Jovisst, dette er diktning til å få forstand av, Røn-naug Kleiva er ein av dei mest inciterande stilista-ne i moderne nynorsk lit-teratur.

KNUT ØDEGÅRD